

## Saksprotokoll i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 27.11.2018

### Orienteringar

Anne Margrethe Bøe v/Statens vegvesen – Kampanje for bettle bruk på buss  
Thorbjørn Thiem v/Statens Vegvesen – Forsterka vegoppmerking i Hordaland  
Miriam Kvanvik v/Trygg Trafikk – Nullvekstmålet vs. Nullvisjonen  
Trond Hollekim v/Statens Vegvesen – Status for trafikkulykker i Hordaland  
Even Vaular, rådgjevar vegseksjon – Prinsipielle avklaringar og skisse til budsjett 2019

### Oversendingsforslag

**Jon Askeland (SP)** sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmann:

«Fylkestrafikksikringsutvalet ber Skyss identifisera bussruter, med særleg vekt på skuleskyss, som har gjentatte ståplassar, og kome tilbake til fylkestrafikksikringsutvalet med drøfting av moglege tiltak».

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegne av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

**Jon Askeland (SP)** sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmann:

«Fylkestrafikksikringsutvalet ber om ei sak i samband med prinsipielle avklaringar og kriterier i budsjettprosessen, særleg med tanke på ny organisering i Vestland»

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegne av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.